

### **Fleire statlege arbeidsplassar til Møre og Romsdal**

**Politiets fellesstenestar er inne i ein endringsprosess. Senter for løn og rekneskap i politiet skal samlast til ei eining. Kristiansund er eit høgst aktuelt sted for lokalisering for dette som kan inneber om lag 140 statlege arbeidsplassar. Møre og Romsdal Venstre vil støtte ei plassering av denne delen av fellesstenesta til Kristiansund.**

Møre og Romsdal Venstre krev at statlege arbeidsplassar vert flytta ut frå Oslo til fylket vårt. Vi meiner prinsipielt at statlege arbeidsplassar bør vere plasserte kring om i landet, og at det er på tide at Møre og Romsdal får mange fleire av desse.

Flyttinga av Kystverket til Møre og Romsdal har synt seg å vere særskilt vellukka både med omsyn til brukarane og i rekrutteringssamanheng, trass i alle åtvaringane frå tilsette i Kystverket på førehånd. Vi vil ha tildelt fleire statlege institusjonar som relaterer seg til geografien vår, men også institusjonar som ikkje er avhengig av geografi eller fag.

Fylket vårt har prosentvis få statlege arbeidsplassar. Vi er nesten på botn av alle fylka på statistikken over årsverk innan statsforvaltinga. Vi veit at dette er arbeidsplassar som er attraktive for godt utdanna kvinner og menn. Fleire statlege arbeidsplassar ville vere eit svært godt supplement til det mannsdominerte næringslivet vårt.

Møre og Romsdal Venstre meiner at:

- Fleire statlege arbeidsplassar må flyttast til Møre og Romsdal
- Lokalisering av politiet sitt senter for løn og rekneskap til Kristiansund vil bygge godt opp under den vedtekne regional- og distriktpolitikken til regjeringa